



Referat
Møte mellom styret, Nye veier, Nasjonal Rassikringsgruppe og
Sogndal kommune - 16.09.2021,
Stad: Quality hotel Sognda

Deltakarar: Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal.
Gunnar Moland.

Inviterte deltakarar: Arnstein Menes, ordførar i Sogndal, Jenny Følling, leiar i Nasjonal Rassikringsgruppe, Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik.

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø.

Nye Veier AS (NV): Asbjørn Heieraas, Christian Altmann, Jon-Terje Ekeland.

Nestleiar Sigbjørn Hauge leia møtet.

Jenny Følling presenterte Nasjonal Rassikringsgruppe (*presentasjonen følgjer referatet*)

Arnstein Menes presenterte Sogndal kommune (*presentasjonen følgjer referatet*)

Følling spurde om bruk av målet om Samfunnsøkonomisk nytte i samband med rassikringsprosjekt.

Heieraas. Nye kriteria og modell er under utvikling (Menon-opppdrag) då den reine modellen for samfunnsøkonomisk nytte ikkje duger for rassikringsprosjekt. «Opplevd utryggleik» er eit omgrep som blir vurdert no.

Altmann: Kvæangsfjellet som NV har som oppdrag allereie, er eit nærliggjande døme. NV ønskjer å få tal for gods på veg frå Fjordvegen Rute 13

Menes: I Sogndal/Sogn: Varetransport aukar på veg. For samfunnsutvikling er det politisk viktig med trygge vegar for tilbakeflytting og levande samfunn.

Heieraas: Vedtatt NTP definerer ikkje for NV kva som er midler til utbygging, rassikring eller drift.

Aga Haug: Minner om at å rassikra Norge (punkt med høg og middels skredfaktor) kostar 70 milliardar kr, ønskje om å oppnå dette ila 12 år.
Korleis skal ein oppfatta NTP?

Følling: Skal møte statsråd Hareide denne veka. NTP er lite tydeleg på rassikring. Fylkesvegane er lettast å påverka for dem. Etter Stortingsvalet kan ny prioritering skje. Ei viktig setning i NTP-vedtaket om rassikring.

Ekeland, NV: NV vil invitere Nasjonal Raskingsgruppe i prosessen for metodeutvikling. For riksveg 13 er omkøyringsveg-problematikken viktig å rekna på. Dessutan ei utfordring med underrapportering av mindre ras.

Stadheim: Ein må vektleggja omkøyringsproblematikk og manglande oppetid samt uføreseielege vegar mykje høgare. Ein veg som ikkje er oppe er ingen reell veg.

Amdal: Raskingsmidler må definerast betre, både for riks- og fylkesvegar.

Menes: NV vidare: Sp er pragmatiske til NV. Ap vil ha evaluering av modellen for infrastrukturutbygging i Norge.

Heieraas, NV: NV ønskjer gjerne at Vikafjellet med tunnel er del av riksveg 13-prosjektet, dette føreset auke i tildelte midlar.

Altmann: NV er undrande til den noko avventande haldninga frå SVV til å byggja ut prosjekt med allereie tildelte midlar.

Takkar for alle si deltaking, imponert over alle sin store tidsbruk på turen med møte.

Eitrheim: Takk for god deltaking. Fjordvegen Rute 13 kan vera kanal for informasjon, organisera felles møte og pådrivar, men kommunane har rolla som formelle partar.

Sogndal, 16.09.2021

Hanne Sundbø
referent